

Møteinnkalling

Utval:	Hordaland fagskulestyre
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato:	18.11.2016
Tid:	09:00

Det blir med dette kalla inn til styremøte i Hordaland Fagskulestyre

Program:

- Kl. 09.00: Møte med NHO, LO og KS
- Kl. 09.30: Informasjon om styrets ansvar og rolle v/Bertil Søfteland, leiar fylkessekretariatet
- Kl. 10.00: Handsaming styresaker
- Kl. 11.30: Lunsj

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Hordaland fagskulestyre, samt ein representant frå kvart fagskuleråd. Kopi vert sendt varamedlemene og rektorane ved fagskulane til orientering. Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Rektorane ved fagskulane kan møta på møta i Hordaland fagskulestyre. Rektorane må også melde forfall dersom dei ikkje møter.

Dersom nokon ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall

Roald Kvamme
styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 38/16	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 39/16	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 40/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 18/16	Rekneskapsprognosar for Fagskolane i Hordaland - tredje kvartal 2016	2015/11453	
RS 19/16	Møteplan for fagskulestyret i 2017	2015/11453	
PS 41/16	Budsjett for fellesmidlar for Fagskolane i Hordaland 2017	2015/11453	
PS 42/16	Status og vedtak i samband med omstillinga til nye Fagskolen i Hordaland	2015/11453	
PS 43/16	Tilbod ved Hordaland helsefagskole skuleåret 17/18	2015/11453	
PS 44/16	Tilbudsstruktur for Fagskolen i Hordaland 2017/18	2015/11453	
PS 45/16	Tilsetjing av ny teamleiar for dekksoffisersavdelinga ved Bergen Maritime Fagskule	2015/11453	
PS 46/16	Mandat til å revidere felles nasjonale læringsutbyttebeskrivingar og felles nasjonale emneplanar	2015/11453	
PS 47/16	Kvalitetsmelding for Fagskolane i Hordaland skuleåret 2015/16	2015/11453	
PS 48/16	Oppretting av ny lokal klagenemnd for Fagskolane i Hordaland	2015/11453	
PS 49/16	Ymse		

PS 38/16 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 39/16 Godkjenning møtebok forrige møte

PS 40/16 Referatsaker (meldingar)



Notat

Dato: 01.11.2016
Arkivsak: 2015/11453-60
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Rekneskapsprognosar for Fagskolane i Hordaland - tredje kvartal 2016

Vedlagt følgjer rekneskapsprognosar for Fagskolane i Hordaland per september 2016. Bergen tekniske fagskole reknar at skulen vil gå i balanse ved årsslutt. Bergen maritime fagskole og Hordaland helsefagskole melder at det er forventa eit underskot i 2016 i høve til fagskuledrifta.

Det vert gått igjennom rapportane i møtet saman med skulane.

DRIFT pr. S E P T E M B E R 2016

Org.sted.: 655 Bergen maritime videregående s

Hovedpost	Regnskap hittil	Budsjett hittil	Lokalbudsjett	Over/underforbruk	Over/underforbruk hittil	Forbruk i % av årsbud	Års-Budsjett	Rest Års-Budsjett	Årsprognose	Best case scenario	Worst case scenario
Kostnader:											
0 Lønn og sosiale utgifter	45 386 357	48 580 457	45 852 839	466 482	3 194 100	68,1	66 602 198	21 215 841	31 272 842		
1 Kjøp varer/tjen. egenprod.	10 406 365	11 994 552	15 613 125	445 238	1 588 187	65,1	15 992 815	5 586 450	16 970 697		
2 Kjøp av varer/tjen. egenprod	4 761 522				-4 761 522	,0		-4 761 522			
4 Overføringer uten motytelser	2 502 626				-2 502 626	,0		-2 502 626	1 488 638		
5 Finansutgifter	3 886 969	2 967 003			-919 966	98,3	3 956 000	69 031	1 943 485		
SUM Kostnader:	66 943 838	63 542 012			-3 401 826	77,3	86 551 013	19 607 175	51 675 661		
Inntekter:											
6 Salgsinntekter	-4 360 349	-7 857 747	-6 772 500	-2 412 151	-3 497 398	41,6	-10 477 000	-6 116 651	4 174 660		
7 Refusjoner utlegg for andre	-3 578 880	-29 250			3 549 630	9 176,6	-39 000	3 539 880	2 402 953		
8 Overføringsinntekter	-30 000				30 000	,0		30 000	15 000		
9 Finansinntekter	-293 000	-272 250			20 750	80,7	-363 000	-70 000	146 500		
SUM Inntekter:	-8 262 229	-8 159 247			102 982	75,9	-10 879 000	-2 616 771	6 739 113		
NTO DRIFT	58 681 609	55 382 765			-3 298 844	77,5	75 672 013	16 990 404			
NETTO Bergen maritime videregående s	58 681 609	55 382 765			-3 298 844	77,5	75 672 013	16 990 404			

Underskudd (Delsum)
 Ramme+Bud.reg.foretatt
 Prognose
 Underskudd

-44 936 549
 40 457 600
 2 534 405

-1 944 544 kr -1 466 609 kr -4 143 833

- Hovedpostene er ekstrapolert for året basert på resultatet fra september
 - Hovedpost 1 inkluderer kostnader i skolens investeringsregnskap
 - "Prognose" inkluderer AR (MarFag + andre) + forventede budsjettreguleringer + forventede positive regnskapskorreksjoner + prognose som vedlikeholdes jevnlig over kostnader som kan inntreffe (lønn/drift)
 - Fagskolen og vgs har sambruk av flere kostnadssteder, samt personell. Fordelinger over fagskole og videregående skole må nødvendigvis delvis basere seg på heuristikk og "rules of thumb"
- ÅRSPROGNOSE OG SCENARIOANALYSE FORUTSETTER 0 I INNDEKNING AV UNDERSKUDD FRA 2015.

DRIFT pr. S E P T E M B E R 2016

Org.sted.: 642 Bergen tekniske fagskole

Hovedpost	Regnskap hittil	Budsjett hittil	Over/underforbruk hittil	Forbruk i % av årsbud	Års-Budsjett	Rest Års-Budsjett
Org.sted : 642 - Bergen tekniske fagskole						
Kostnader:						
0 Lønn og sosiale utgifter	38 624 877	43 230 321	4 605 445	65,1	59 366 000	20 741 123
1 Kjøp varer/tjen. egenprod.	3 898 763	50 883	-3 847 879	5 746,7	67 844	-3 830 919
2 Kjøp av varer/tjen. egenprod	4 600 507		-4 600 507	,0		-4 600 507
4 Overføringer uten motytelser	1 557 837	848 250	-709 587	137,7	1 131 000	-426 837
5 Finansutgifter	525 405	524 000	-1 405	100,3	524 000	-1 405
SUM Kostnader:	49 207 388	44 653 454	-4 553 934	80,6	61 088 844	11 881 456
Inntekter:						
6 Salgsinntekter	-288 818		288 818	,0		288 818
7 Refusjoner utlegg for andre	-4 382 657	-2 439 750	1 942 907	134,7	-3 253 000	1 129 657
SUM Inntekter:	-4 671 475	-2 439 750	2 231 725	143,6	-3 253 000	1 418 475
NTO. Bergen tekniske fagskole	44 535 914	42 213 704	-2 322 209	77,0	57 835 844	13 299 930
NTO DRIFT	44 535 914	42 213 704	-2 322 209	77,0	57 835 844	13 299 930
NETTO Bergen tekniske fagskole	44 535 914	42 213 704	-2 322 209	77,0	57 835 844	13 299 930

Avviket for september skyldes:

1. Det er ikke lagt inn lokalbudsjett - dermed blir det avvik på hovedpostene.
2. Hovedpost 0 og 2 må sees i sammenheng, da vi har lærer er innleid fra bemanningsbyrå.
3. Det styres mot et årsresultat i balanse.

Dato: 25/10-2016

kl:08.34/ side: 1

DRIFT pr. S E P T E M B E R 2016

Lokalt budsjett

R15/(hele kr.)

Org.sted.: 644 Fusa vidaregåande skule

Hovedpost	Regnskap hittil	Budsjett hittil	Over/under- forbruk hittil	Forbruk i % av årsbud	Års- Budsjett	Rest Års- Budsjett	Årsprognose Fusa vgs	Årsprognose Helsefagskulen	Beste sannsynlege resultat	Verste sannsynlege resultat
Org.sted : 644 - Fusa vidaregåande skule										
Kostnader:										
0 Lønn og sosiale utgifter	25 956 038	23 219 033	-2 737 005	81,7	31 779 890	5 823 852	860 642	-1 124 000		
1 Kjøp varer/tjen. egenprod.	8 716 642	7 435 836	-1 280 806	87,9	9 914 429	1 197 787	-19 030	-284 000		
2 Kjøp av varer/tjen. egenprod	222 588	350 253	127 665	47,7	467 000	244 412	45 411	-11 000		
4 Overføringer uten motytelser	1 894 730		-1 894 730	,0		-1 894 730	-1 883 730	-		
5 Finansutgifter	300 930	225 747	-75 183	100,0	301 000	70	70	-		
SUM Kostnader:	37 090 928	31 230 869	-5 860 059	87,4	42 462 319	5 371 391	-996 637	-1 419 000		
Inntekter:										
6 Salgsinntekter	-618 845	-878 634	-259 789	52,8	-1 171 500	-552 655	107 344	-		
7 Refusjoner utlegg for andre	-2 871 590	-601 209	2 270 381	358,2	-801 601	2 069 989	1 813 989	486 000		
9 Finansinntekter	-70 000	-52 497	17 503	100,0	-70 000	-	-	-		
SUM Inntekter:	-3 560 435	-1 532 340	2 028 095	174,3	-2 043 101	1 517 334	1 921 333	486 000		
NTO. Fusa vidaregåande skule	33 530 493	29 698 529	-3 831 964	83,0	40 419 218	6 888 725	924 696	-933 000		
NTO DRIFT	33 530 493	29 698 529	-3 831 964	83,0	40 419 218	6 888 725				
NETTO Fusa vidaregåande skule	33 530 493	29 698 529	-3 831 964	83,0	40 419 218	6 888 725				

Kommentarar:

-Størrelsen på fagskuletillegget hausten-16 som er lagt inn er noko usikkert
 -Dei totale lønnskostnadane kan vere noko usikre
 -Fusa vidaregåande skule vil tilsetja ein miljøfagarbeidar i 80% stilling i nov.
 pga auka behov (fleire elevar med ulike behov)
 -Vi må sjå Fusa vgs sin rekneskap saman med Helsefagskulen siden det er
 skulen som må dekkja evt underskudd
 -Underskuddet på Helsefagskulen burde takast opp eller vurderast i møte for
 å sjå på evt. ekstraløyyingar slik at ikkje den vgs blir belasta

NotatDato: 06.10.2016
Arkivsak: 2015/11453-51
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Møteplan for fagskulestyret i 2017

Følgjande møteplan vert føreslått for fagskulestyret fyrste halvår 2017:

Fyrste halvår 2017						
Utval	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni
Fylkestinget			07./08.			13./14.
Fylkesutvalet	26.	22./23.	30.		03./04.	22.
					23.	
Opplæring og helse	10.	07./08.	14.	19.	09.	07.
Miljø og samferdsel	11.	08./09.	15.	20.	10.	08.
Administrasjon		16.				01.
Fagskulestyret	25.		21.		5.	
Yrkesopplærings- nemnda	03.		07.	05.	02.	
	31.				31.	

Følgjande møteplan vert føreslått for fagskulestyret andre halvår 2017:

Andre halvår 2017						
Utval	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Fylkestinget				03./04.		12./13.
Fylkesutvalet		24.	20./21.	26.	22./23.	07.
Opplæring og helse		08.	05./06.	17.	07.	
					28.	
Miljø og samferdsel		09.	06./07.	18.	08.	
					29.	
Administrasjon			07.		16.	
Fagskulestyret			14.		14.	



Arkivnr: 2015/11453-59
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	41/16	18.11.2016

Budsjett for fellesmidlar for Fagskolane i Hordaland 2017

Samandrag

Av ramma for Fagskolane i Hordaland er det for budsjettåret 2017 sett av 1,65 millionar kroner til fellesmidlar. Dette er midlar som vert nytta til mellom anna marknadsføring, styrekostnader, reiseutgifter og kostnader som er felles for dei tre fagskulane.

Forslag til vedtak

Følgjande budsjett for fellesmidlar vert vedteke for 2017:

Post	Sum
Marknadsføring	920 000
Styrekostnader og reiseutgifter	150 000
Andre utgifter	200 000
ONF	100 000
Sosiale tiltak - samanslåing	50 000
Uventa utgifter	230 000
Totalt	1 650 000

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.10.2016

Av ramma for Fagskolane i Hordaland er det for budsjettåret 2017 sett av 1,65 millionar kroner til fellesmidlar. Dette er midlar som vert nytta til mellom anna marknadsføring, styrekostnader, reiseutgifter og kostnader som er felles for dei tre fagskulane.

Følgjande budsjett vert føreslått for fellesmidlane i 2017:

Post	Sum
Marknadsføring	920 000
Styrekostnader og reiseutgifter	150 000
Andre utgifter	200 000
ONF	100 000
Sosiale tiltak - samanslåing	50 000
Uventa utgifter	230 000
Totalt	1 650 000

Forklaring til postane i budsjettet:

Marknadsføring

Budsjett til marknadsføring går mellom anna til annonsering i sosiale media, visning av reklamefilm, deltaking på utdanningsmesse i Grieghallen m.m. Under er ei detaljert oversikt over planlagde aktivitetar innan marknadsføring i høve til føreslått budsjett.

Marknadsføring 2017	Sum
Sosiale media	300 000
Kurs - marknadsføring	30 000
Anna annonsering	20 000
Anna web-annonsering	25 000
Ny film vinter 2017	275 000
Utdanningsmesse	70 000
Filmvisning capa	200 000
Sum	920 000

Det er tre endringar frå i fjor i høve til aktivitetar:

- Kurs innan marknadsføring
- Ny film for Fagskolane i Hordaland
- Anna web-annonsering.

Det vart laga ein reklamefilm for Fagskolane i Hordaland våren 2015, og denne har vore vist på kino og annonsert på YouTube i fleire periodar. I samband med samanslåinga av teknisk og maritim fagskule er det ønskeleg å laga ein ny film for å marknadsføre fagskulane. På bakgrunn av samanslåinga er det også føreslått å auke budsjettet til sosiale media til kr. 300 000 for å informere og marknadsføre den nye Fagskolen i Hordaland. I 2016 var budsjettet til sosiale media på kr. 250 000.

Styrekostnader og reiseutgifter

Denne posten skal dekkje utgifter til møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for styremedlemmane ved styremøta og anna representasjon. I tillegg skal posten dekkje reiseutgifter og konferansar for styret og administrasjonen ved Opplæringsavdelinga i samband med fagskuleføremål.

Andre utgifter

Posten Andre utgifter skal dekkje kostnader knytt til fellesutgifter som til dømes medlemskap i Råd for offentlige fagskoler (RFF), nasjonal fagskulekoordinator, Nasjonalt opptakskontor for fagskolen og eventuelle kostnader ved utvikling av skuleadministrative system.

Organisasjon for norske fagskolestudenter (ONF)

Det har tidlegare vore vedteke at styret skal dekkje eitt semester av kostnadene ved medlemskap i ONF. Dette vert føreslått vidareført.

Sosiale tiltak - samanslåing

I samband med samanslåinga av den tekniske og maritime fagskulen vert det føreslått å tildela midlar til sosiale tiltak for å bidra til å bygge og etablera ein felles kultur. Fagskolen i Hordaland vert beden om å kome med forslag til bruk av midlar.

Uventa utgifter

Denne posten skal dekkje eventuelle uventa utgifter som kan oppstå i løpet av budsjettåret eller nye aktivitetar som ikkje har vore planlagt tidlegare.



Arkivnr: 2015/11453-54
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	42/16	18.11.2016

Status og vedtak i samband med omstillinga til nye Fagskolen i Hordaland

Samandrag

I samband med samanslåinga av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole er det oppretta eit omstillingsutval (OMU) for omstillingsprosessen. OMU er eit rådgjevande organ og vart konstituert i møte 24.05.2016. Under OMU er det etablert ulike arbeidsgrupper som har fått ansvar for å undersøke og følgje opp tilhøve som er sentrale i omstillingsprosessen. Styret har tilsett ny rektor for Fagskolen i Hordaland, og etter dette er det utarbeidd ny leiarstruktur for den nye skulen.

Forslag til vedtak

1. Hovudadministrasjonen for Fagskolen i Hordaland skal vere i Haugeveien 28 på Nordnes
2. Styret tek saka til etterretning.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Samanslåing av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole
- 2 Organisasjonskart for Fagskolane i Hordaland
- 3 Leiarstruktur for Fagskolen i Hordaland

Fylkesrådmannen, 22.10.2016

I samband med samanslåinga av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole er det - som styret er kjent - med oppretta eit omstillingsutval (OMU) for omstillingsprosessen. OMU vart konstituert og hadde første møte 24.05.2016. OMU er eit rådgjevande organ som består av representantar frå leiinga, tillitsvalde og arbeidsmiljøutvalet (AMU) ved begge fagskulane. I tillegg er hovudverneombod og omstillingstillitsvald, samt regionleiar og fagskulekoordinator ved Opplæringsavdelinga medlem i utvalet. Bedriftshelsetenesta har også delteke på møte med OMU og gjev støtte til rektorane ved behov. Fram til ny rektor vart tilsett har OMU vore leia av administrasjonen ved Opplæringsavdelinga ved regionleiar. Etter at ny rektor vart tilsett for Fagskolen i Hordaland er det rektor som har teke over og leiar OMU.

I omstillingsprosessen har som nemnt rektorstillinga vore lyst ut, og Torbjørn Tvedt vart tilsett av styret som rektor for den nye Fagskolen i Hordaland frå 01.01.2017. Ny rektor har utarbeidd ny leiarstruktur for Fagskolen i Hordaland, og i etterkant av dette vert leiarstillingane lyst ut internt ved fagskulane (berre dagens leiarar kan søkje på desse stillingane). Vidare vert struktur og stillingsplan for stab og merkantilt tilsette utforma og etablert. Dei tillitsvalde og AMU er heile tida involvert i drøftingar om desse prosessane. Det er ikkje forventa overtal i samband med omstillinga for fagskolen, men nokon vil sjølvstendig få endringar i arbeidsoppgåver.

OMU har oppretta fleire arbeidsgrupper som skal ivareta ulike prosessar i samband med omstillinga. Mellom anna er det oppretta éi arbeidsgruppe som har hatt dialog med NOKUT og Sjøfartsdirektoratet for å handtere vidareføring av godkjenningar og sertifiseringar ved den nye fagskolen. På bakgrunn av dette arbeidet er det sendt ut brev til NOKUT om ny organisering med kopi til Sjøfartsdirektoratet (vedlegg 1 og 2). I tillegg er det oppretta éi arbeidsgruppe for å vurdere endringar og eventuelle konsekvensar for lokale og økonomi i samband med samanslåinga, og éi gruppe som skal arbeide med endringar i høve til økonomi- og skuleadministrative system.

Styret har tidlegare bede administrasjonen ved Opplæringsavdelinga å vurdere kor hovudadministrasjonen for den nye fagskolen skal vere. Dette er drøfta i OMU, og det er naturleg at hovudadministrasjonen vert på Nordnes ved dagens Bergen tekniske fagskole. Nedre Nygård vert soleis ein studiestad for dei maritime og petroleumstekniske utdanningane. Val av Nordnes som hovudadministrasjon er mellom anna naturleg av di det ikkje er ledig areal ved Nedre Nygård til ein eigen administrasjon for Fagskolen i Hordaland, og av di det er flest studentar og utdanningar på Nordnes.

Ny leiarstruktur

Som nemnt har rektor utarbeidd ein ny leiarstruktur for Fagskolen i Hordaland (vedlegg 3). Den nye leiarstrukturen er nøye gjennomtenkt i høve til faglege og administrative synergjar som var eit av hovudmåla for samanslåinga. I høve til administrative synergjar syner den nye leiarstrukturen at det vert etablert ein fagstab under rektor. Fagstaben skal mellom anna ha eit medansvar for å sikre god kvalitetsutvikling i samband med kvalitetssystema; ivareta føresegner i lover, forskrifter og avtalar. Ein fagskule er eit sjølvstendig skuleslag som sjølv har ansvar for utvikling og vedlikehald av eigne studieplanar, og studieplanar vert ikkje utarbeidd av eit direktorat som i vidaregåande opplæring. Krava til å vere godkjent fagskule er aukande i høve til oppfølging av grunnleggjande føresetnader som systemdokument, studieplanar, kvalitetsutvikling, dokumentasjon og rapportering. På bakgrunn av dette er det eit viktig grep for Fagskolen i Hordaland å etablere ein dedikert fagstab, også med tanke på å skulle søkje NOKUT om fagområdegodkjenning.

I høve til faglege synergjar vil samanslåinga gje styrka fagmiljø med nye konstellasjonar. Mellom anna er det mogleg å etablere nye avdelingar der dei ulike utdanningstilboda i større grad har fagleg samanheng enn før. Døme på dette er maskinoffisersutdanninga og maskinteknikkutdanninga som i dag ligg ved kvar sin fagskule, og som har fleire faglege overlappingar. Petroleumsutdanningane og prosessutdanningane er også døme på tilbod som i dag er ved kvar sin skule og som har faglege fellestrekk. Såleis er det lagt vekt på å etablere avdelingar som har fagleg likskap, og som har avdelingsleiarar med god fagkompetanse innan dei aktuelle fagområda. Tabellen under illustrerer avdelingsstrukturen ved dei to noverande fagskulane samanlikna med den nye avdelingsstrukturen (fagstab er ikkje med i tabellen).

Bergen maritime fagskole	Bergen tekniske fagskole	Fagskolen i Hordaland
Leiar	Leiar	Leiar
Boring	Bygg	Elkraft
Havbunnsintallasjonar	Maskinteknikk	Automatisering
Oppdragsverksemd	KEM	Oppfølgingsansvar Stord
Leiar	Leiar	Oppfølgingsansvar Arborist
Maskinoffiser (og maritim vgs)	Elkraft	Leiar
Leiar	Automatisering	Bygg
Dekksoffiser Bergen	Prosess	KEM
Dekksoffiser Austevoll	Oppfølgingsansvar Stord	Anlegg
Leiar	Leiar	Leiar
Administrasjon	Anlegg (Voss)	Dekksoffiser Bergen
	Leiar	Dekksoffiser Austevoll
	Arborist (Hjeltnes)	Leiar
	Leiar	Maskinoffiser (Nedre Nygård)
	Forkurs til ingeniør	Maskinteknikk (Nordnes)
	Meisterbrev	Leiar
		Boring
		Havbunnsintallasjonar
		Prosess
		Oppdragsverksemd
		Leiar
		Merkantil (Nedre Nygård og Nordnes)
		Leiar
		Forkurs til ingeniør
		Meisterbrev

Det er også lagt vekt på å ha avdelingar som er noko lunde jamnstore i høve til tal på tilsette og utdanningstilbod. Dekksoffiseravdelinga skil seg noko frå dei andre avdelingane i både storleik og tal på tilsette. Årsaka til dette er at denne avdelinga består av to studiestader der leiar har personal- og økonomiansvar for begge, og det vert rekna ei del reisetid mellom desse stadene. Dei andre avdelingane som har studiestader under seg utanfor Bergen har eigne stadlege representantar med personalansvar.



NOKUT

Dato: 13.09.2016
Vår ref.: 2016/4894-5
Saksbehandlar: adelan
Dykkar ref.:

Samanslåing av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole

Styret for Fagskolane i Hordaland meldar med dette om at Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole vert slått saman til éin fagskule frå 01.01.2017. Den nye fagskulen får namnet Fagskolen i Hordaland, og hovudadministrasjonen vil vere Haugeveien 28 på Nordnes i Bergen.

Bakgrunn for samanslåing

Hordaland fylkeskommune ved Fylkestinget vedtok 13.03.2013 ein skulebruksplan som stadfesta at Fagskolane i Hordaland skulle verte slått saman til større einingar. I fyrste prosess vart dei 7 fagskulane slått saman til 3 fagskular, og i neste prosess skulle Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole verte slått saman til éin fagskule. Styret for Fagskolane i Hordaland gjorde følgjande vedtak den 17.03.2016 som vidare oppfølging av skulebruksplanen:

Vedtak

1. Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole vert slått saman til éin fagskule 01.01.2017. Styret vil peika på at arbeidet med samlokalisering av fagskulane vert prioritert slik at dette kan gjennomførast snarast råd.
2. Den nye tekniske og maritime fagskulen vil heite Fagskolen i Hordaland.
3. Opplæringsavdelinga må gjere greie for:
 - Ressursbehovet i høve til personale knytt til omstillingsarbeidet.
 - Eventuelle behov for endringar i bygg og kostnader ved dette.
 - Eventuelle økonomiske konsekvensar ved splitting av drifta av fagskule og vidaregåande skule.
 - Lokasjon for den nye eininga og plassering av hovudadministrasjon.

Prosess

Etter vedtak i styret om samanslåing har det vorte oppretta eit omstillingsutval (OMU) som er eit rådgjevande organ i omstillingsprosessen. OMU er bredt samansett i høve til både leiinga ved dei to fagskulane, fylkesadministrasjonen, tillitsvalde og verneombod. OMU har vidare oppretta fleire arbeidsgrupper som skal gjere greie for sentrale tilhøve ved samanslåinga. Mellom anna er det oppretta ei arbeidsgruppe som gjer greie for korleis ein skal sikre og ivareta vidare godkjenningar og sertifiseringer i høve til NOKUT og Sjøfartsdirektoratet sine krav og forskrifter.

Ny organisering

Proessen med å slå saman Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole er godt i gang, og 15.09.2016 vedtok styret for Fagskolane i Hordaland at Torbjørn Tvedt vert tilsett som rektor for den nye Fagskolen i Hordaland frå 01.01.2017. Torbjørn Tvedt er i dag rektor ved Bergen tekniske fagskole.

Fagskolane i Hordaland har i dag eitt felles styre og styrevedtekter, studentreglement og kvalitetssystem i høve til NOKUT sine forskrifter og krav. I tillegg har Bergen maritime fagskole eit kvalitetssystem som ivaretek dei maritime utdanningane i høve til STCW-konvensjonen. Kvalitetssystemet ved Bergen maritime fagskole vert vidareført og implementert ved den nye Fagskolen i Hordaland, i tillegg til kvalitetssystemet som ivaretek NOKUT sine krav og som mellom anna dannar grunnlag for å gje styret informasjon om kvaliteten i utdanningane ved fagskulane. Dagens felles styrevedtekter og studentreglementet vert også vidareført ved den nye Fagskolen i Hordaland.

På bakgrunn av samanslåinga er det utforma nytt overordna organisasjonskart for korleis Fagskolane i Hordaland, med den nye Fagskolen i Hordaland, skal vere organisert frå 01.01.2017 (sjå vedlegg 1). Bergen maritime fagskole er i dag lokalisert på Nygård i Bergen sentrum, og dei utdanningane som ligg til Bergen maritime vert vidareført på studiestad Nygård. Utdanningane ved Bergen tekniske fagskole vert også vidareført på Nordnes i Haugeveien 28 som i dag. Utdanningane som er lokalisert på andre studiestader som til døme Austevoll og Voss vert også vidareført. Såleis vert det ingen endring i lokasjon i høve til utdanningane og naudsynt utstyr ved denne samanslåinga.

Roald Kvamme
styreleiar


Adeline Berntsen Landro
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.


Kopi til:
NOKUT - fagskole
Sjøfartsdirektoratet

Vedlegg

1 Organisasjonskart for Fagskolane i Hordaland



Organisasjonskart for Fagskolen i Hordaland



Oversikt over avdelinger - tilsatte og studenter

Avdeling	Leder	Tilsatte	Klasser	Studenter	Stuedsteder	Laboratorier	Simulatorer
Bygg og KEM + anlegg		20 + 4	8 + 3	255	2		
Elkraft og automatisering + arborist og Stord		25 + 1	10 + 2	281	3		
Maskinoffiser og maskinteknikk		17	7	160	2		
Dekksoffiser		16	4	113	2		
Petroleum og prosess		15	9	201	2		
Forkurs og mesterutdanning		3 deltid	3	105	1		
		100	46	1115			
		Deltid i tillegg					



Arkivnr: 2015/11453-55
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	43/16	18.11.2016

Tilbod ved Hordaland helsefagskole skuleåret 17/18

Samandrag

Dei gode resultatane ein ser etter informasjons- og marknadsføringstiltaka og start av færre tilbod bør vidareførast. «Psykisk helsearbeid og rusarbeid» er det mest populære og etterspurde tilbodet på skulen, og skulen ønskjer difor å tilby denne utdanninga hausten 2017. Tilbodet «Rehabilitering» er også eit etterspurt tilbod i kommunane, og målgruppa for studiet er bredt samansett. Tilbodet «Spesialreinhold og sterilforsyning» er etterspurt ved Haukeland universitetssjukehus, og dette tilbodet har starta opp annakvart år etter at det vart godkjent av NOKUT. Tilbodet vart ikkje starta opp hausten 2016, og skulen ønskjer difor å starta opp tilbodet hausten 2017. Tilbodet «Helse, aldring og aktiv omsorg» vart ikkje starta opp hausten 2016 av di det ikkje var nok kvalifiserte søkjarar, likevel var det svært mange søkjarar til dette tilbodet og skulen ønskjer difor å tilby denne utdanninga i tillegg. På bakgrunn av dette vert det foreslått å leggje ut dei fire omtala tilboda til søking gjennom Vigo våren 2017. Styret tek endeleg avgjerd om start av tilboda i mai 2017.

Forslag til vedtak

- Hordaland helsefagskole kan lysa ut følgjande tilbod for skuleåret 2017/18:
 - Psykisk helsearbeid og rusarbeid
 - Rehabilitering
 - Spesialreinhold og sterilforsyning
 - Helse, aldring og aktiv omsorg
 -
- Hordaland helsefagskole søker om tilskot til dei fire helsefagskuletilboda gjennom eigen tilskotsordning under Helsedirektoratet.
- Styret handsamar ny sak om oppretting av tilbod ved helsefagskulen i mai 2017.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 24.10.2016

Hordaland helsefagskole hadde ute tre tilbod til søking våren 2016; «Rehabilitering», «Helse, aldring og aktiv omsorg» og «Psykisk helsearbeid og rusarbeid». Bakgrunnen for dette var vedtak i styret om å berre lysa ut nokre av fagskulen sine tilbod for å konsentrere søkjarane om færre tilbod. I tillegg har det vore arbeidd mykje med å informera om tilboda både i einskilde kommunar, til fagforeiningar og i sosiale media. Det har også vore gitt informasjon på yrkesmesser og ved rådgjevarsamlingar i regi av fylkeskommunen. Tiltaka har gjeve gevinstar, og det vart starta opp tilbod med fulle klassar innan «Rehabilitering» (16 studentar) og «Psykisk helsearbeid og rusarbeid» (22 studentar) hausten 2016. Tilbodet «Helse, aldring og aktiv omsorg» fekk ikkje nok kvalifiserte søkjarar til ein full klasse, men nokre av søkjarane til dette tilbodet takka ja til tilbod på «Rehabilitering» i staden.

Dei gode resultatane ein ser etter informasjons- og marknadsføringstiltaka og start av færre tilbod bør vidareførast. «Psykisk helsearbeid og rusarbeid» er det mest populære og etterspurde tilbodet på skulen, og skulen ønskjer difor å tilby denne utdanninga hausten 2017. Tilbodet «Rehabilitering» er også eit etterspurt tilbod i kommunane, og målgruppa for studiet er bredt samansett. Tilbodet «Spesialreinhald og sterilforsyning» er etterspurt ved Haukeland universitetssjukehus, og dette tilbodet har starta opp annakvart år etter at det vart godkjent av NOKUT. Tilbodet vart ikkje starta opp hausten 2016, og skulen ønskjer difor å starta opp tilbodet hausten 2017. «Spesialreinhald og sterilforsyning» er også ettertrakta i andre fylke, og klassen som er på andre studieår no har 6 studentar som følger tilbodet på nett frå andre fylke saman med 18 studentar frå Hordaland. Tilbodet «Helse, aldring og aktiv omsorg» vart ikkje starta opp hausten 2016 av di det ikkje var nok kvalifiserte søkjarar, likevel var det svært mange søkjarar til dette tilbodet og skulen ønskjer difor å tilby denne utdanninga i tillegg. På bakgrunn av dette vert det føreslått å leggje ut dei fire omtala tilboda til søking gjennom Vigo våren 2017.

Hordaland helsefagskole må søkje fylkeskommunane om tilskot til dei nemnte tilboda i tråd med eiga finansieringsordning gjennom Helsedirektoratet. Skulen søker til Hordaland fylkeskommune for studentar som er busett i Hordaland, og til andre fylkeskommunar for studentar busett i andre fylke. Søknadsfrist er 01. mars i Hordaland. På bakgrunn av dette vil styret gjere endeleg vedtak i kva tilbod som vert oppretta i mai 2017. Vedtaket vert gjort etter at ein veit kor mange søkjarar det er til utdanningane, og etter at ein veit kor mange studentar det vert gjeve støtte til frå fylkeskommunane.



Arkivnr: 2015/11453-52
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	44/16	18.11.2016

Tilbudsstruktur for Fagskolen i Hordaland 2017/18

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har fastsett ei ramme på 92,9 mill. til fagskule i budsjettet for 2017. Av denne ramma er det trekt ut 1,2 mill. til Hordaland helsefagskole jamfør tidlegare vedtak i fagskulestyret, i tillegg til om lag 2,3 mill. til fagskuleadministrasjon og fellesutgifter. Det vert lagt fram eiga sak til styret med budsjett i høve til fellesutgiftene. I tillegg er det trekt ut 2 mill. til husleige på Nedre Nygård (Bergen maritime). Basert på dette er ramma til fordeling på tilbudsstruktur på om lag 89,3 mill.

Forslag til vedtak

Tilbudsstruktur for Fagskolen i Hordaland skuleåret 2017/18 vert vedteke som det kjem fram av saka.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.10.2016

Hordaland fylkeskommune har fastsett ei ramme på 92,9 mill. til fagskule i budsjettet for 2017. Av denne ramma er det trekt ut 1,2 mill. til Hordaland helsefagskole jamfør tidlegare vedtak i fagskulestyret, i tillegg til om lag 2,3 mill. til fagskuleadministrasjon og fellesutgifter. Det vert lagt fram eiga sak til styret med budsjett i høve til fellesutgiftene. I tillegg er det trekt ut 2 mill. til husleige på Nedre Nygård (Bergen maritime). Basert på dette er ramma til fordeling på tilbodsstruktur på om lag 89,3 mill.

Hordaland fylkeskommune får om lag 78,3 mill. i rammeoverføringar frå staten. Dette er 2 mill. mindre enn i 2016, og årsaka til det er ein nedgang i studenttalet i 2015. På bakgrunn av dette gjev Hordaland fylkeskommune om lag 14,5 mill. meir til ramma i 2017 enn det som vert gjeve i rammeoverføringane frå staten.

I statsbudsjettet for 2017 (under Kunnskapsdepartementet (KD)) er fagskulesektoren mellom anna omtala i høve til satsing på fagskulefeltet; komande stortingsmelding om fagskulen og utviklingsmidlar. Følgjande er utdrag frå statsbudsjettet 2017 under KD:

«Auka satsing på fagskuleutdanning er òg ein viktig del av Yrkesfagløftet, og regjeringa vil hausten 2016 legge fram ei stortingsmelding om fagskulefeltet. Meldinga vil blant anna sjå på plasseringa til fagskolane i utdanningssystemet, overgangsordningar mellom fagskole og universitet og høgskole, opptakskrav til og kvalitet i fagskuleutdanninga og forvaltninga av fagskolane. Finansiering av fagskolane og spørsmålet om ny tilskottsordning vil stå sentralt i meldinga. I meldinga vil det blant anna bli vurdert om finansieringsansvaret skal først tilbake til staten i éi tilskottsordning for fagskolane. Regjeringa vil legge til rette for alternative opplæringsløp fram mot fag- eller sveinebrev og gode overgangar til fagskuleutdanning og høgre utdanning (s. 16).

Regjeringa ønsker å styrke fagskulesektoren og foreslår totalt 58 mill. kroner til utviklingsmidlar i 2017. Midlane vil blant anna gå til tiltak for å heve kvaliteten i fagskolane, vidareutvikling av dagens utdanningstilbod og utvikling av nye etterspurde utdanningstilbod. Midlane kan sjåast i samanheng med stortingsmeldinga om fagskuleutdanning, som blir lagt fram hausten 2016 (s.18).

I tråd med Sundvolden-erklæringa ønsker regjeringa å styrke fagskolane og innføre statleg finansiering av fagskolane. Fagskolane har i dag ikkje økonomisk handlingsrom til å drive utviklings- og kvalitetsarbeid og omstilling av utdanningstilbodet i samsvar med behova i arbeids og næringsliv. Dei har òg eit avgrensa handlingsrom til kvalitetsutvikling av utdanningstilbodet. Regjeringa ser behov for styrke fagskuleutdanninga og foreslår midlar til dette i 2017. Midlane vil blant anna gå til tiltak for å heve kvaliteten i fagskolane, vidareutvikling av dagens utdanningstilbod eller utvikling av nye etterspurde utdanningstilbod (s. 180)».

Korleis fagskulane kan søkje om dei omtala utviklingsmidlane vert avklart når stortingsmeldinga om fagskulane vert lagt fram.

Tilbudsstruktur for Fagskolen i Hordaland 2017/18

I det følgjande vert forslag til mellombels tilbudsstruktur for Fagskolen i Hordaland 2017/18 lagt fram. Den mellombelse tilbudsstrukturen legg grunnlag for kva som vert lagt ut for søking på Vigo. Etter søknadsfrist 15. april 2017 vert det fremma ny sak om endeleg tilbudsstruktur basert på søkjartal.

Tabell 1 under syner ei oppsummering av fordeling av studentplassar og midlar etter studiestad. Ramma er som nemnt om lag 87,3 mill, og studentsatsen er sett til 86 000,- per heiltidsekvivalent.

642	OPPSUMMERT	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	Merknad	Budsjett
	Nordnes		332,00	271,74	124,00	133,10	107,72	636,56		54 744 160,00
	Stord		20,00	20,00	-	-	-	20,00		1 720 000,00
	Nygård		123,00	123,00	117,00	-	-	240,00		20 640 000,00
	Austevoll		30,00	30,00	30,00	-	-	60,00		5 160 000,00
	Hjeltnes		-	-	-	9,00	-	9,00		774 000,00
	Voss		25,00	16,75	20,00	-	12,73	49,48		4 255 280,00
	Fagskolen i Hordaland		530,00	461,49	291,00	142,10	120,45	1 015,04		87 293 440,00

Tabell 1. Oppsummering av fordeling etter studiestad.

I tabell 1 ser ein at det er rom for 530 nye studentar hausten 2017, og til saman er det forventa at det vil vere om lag 1000 studentar i utdanning ved fagskolen i skuleåret 2017/18.

642	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	Merknad	Budsjett
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	0,67	30,00	20,00	-	20,67	16,00	56,67		4 873 333,33
	KEM /Tak og fasade FTB03N	0,67	-	-	-	-	-	-	Ikke oppretta	-
	Bygg FTB01H	1,00	30,00	30,00	26,00	-	-	56,00		4 816 000,00
	Bygg FTB01N	0,67	30,00	20,00	-	24,67	14,67	59,33		5 102 666,67
	Automatisering FTE01H	1,00	30,00	30,00	32,00	-	-	62,00		5 332 000,00
	Automatisering FTE01N	0,67	30,00	20,10	-	18,76	14,07	52,93		4 551 980,00
	Elkraft FTE03H	1,00	60,00	60,00	33,00	-	-	93,00		7 998 000,00
	Elkraft FTE03N	0,67	30,00	20,10	-	30,15	22,78	73,03		6 280 580,00
	Maskinteknikk FTT04H	1,00	30,00	30,00	33,00	-	-	63,00		5 418 000,00
	Maskinteknikk FTT04N	0,67	32,00	21,44	-	20,10	12,06	53,60		4 609 600,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11N	0,67	-	-	-	-	14,74	14,74	Ikke oppretta	1 267 640,00
	Prosessteknikk FTK01H	1,00	-	-	-	-	-	-	Ikke oppretta	-
	Prosessteknikk FTK01N	0,67	30,00	20,10	-	18,76	13,40	52,26		4 494 360,00
Stord	Maskinteknikk FTT04H	1,00	20,00	20,00	-	-	-	20,00		1 720 000,00
Nygård	Maskinoffiser FTM02H	1,00	30,00	30,00	31,00	-	-	61,00		5 246 000,00
	Dekksoffiser FTM01H	1,00	28,00	28,00	27,00	-	-	55,00		4 730 000,00
	Boring FTP01H	1,00	35,00	35,00	46,00	-	-	81,00	Ein klasse	6 966 000,00
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	1,00	30,00	30,00	13,00	-	-	43,00		3 698 000,00
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	1,00	30,00	30,00	30,00	-	-	60,00		5 160 000,00
Hjeltnes	Arborist FPS01D	0,50	-	-	-	9,00	-	9,00	Lagt inn m 18	774 000,00
Voss	Anlegg FTB02H	1,00	-	-	20,00	-	-	20,00	Ikke oppretta	1 720 000,00
	Anlegg FTB02N	0,67	25,00	16,75	-	-	12,73	29,48		2 535 280,00
Fus/Aust.	Akvakultur FPH01N	0,67	-	-	-	-	-	-	Ikke oppretta	-
	Totalt		530,00	461,49	291,00	142,10	120,45	1 015,04		87 293 440,00

Tabell 2. Fordeling av studentar på utdanning og studiestad med oversyn av budsjett.

Tabell 2 syner fordeling av studentplassar på utdanning og studiestad. I kolonnen «Studenttal 1. år» ser ein talet på studentar som kan takast inn uavhengig av om dei studerer på heiltid eller deltid. Dei neste kolonnane syner talet på studentar som er rekna om til heiltidsekvivalentar (studenttal multiplisert med vektning). Siste kolonne syner budsjett som er rekna ut i frå summen av heiltidsekvivalentar multiplisert med studentsatsen på kr. 86 000,-. Vidare vert den einkilde studiestad omtala i høve til kva tilbod som er føreslått oppretta eller ikkje oppretta, og eventuelle endringar i høve til tilbudsstruktur for skuleåret 2016/17.

Nordnes

- Klima, energi og miljø i bygg (KEM) og KEM med tak og fasade
 - o KEM-tilbodet har to ulike fordjupingar, KEM og KEM med fordjuping tak og fasade i siste del av studiet. Det har vore praksis å opprette det ordinære KEM-tilbodet, og deretter tilby fordjupinga tak og fasade for dei som er interessert, eller for studentar som har fullført ordinær KEM og som ønsker ei ekstra fordjuping. KEM med tak og fasade vert difor ikkje føreslått oppretta hausten 2017 innanfor ramma.
- Elkraft
 - o Det er føreslått å opprette to klassar innan elkraft på heiltid. Dette er eit tilbod som har svært mange søkjarar, og det er difor mogleg å ta inn fleire studentar ved dette tilbodet. Det er rom for dette i tilbodsstrukturen ved å redusere talet på klassar ved boring. Dette vert omtala seinare i saka.
- Maskinteknikk med isolasjon, stilas og overflatebehandling (ISO)
 - o Det har vore praksis å veksle mellom å opprette maskinteknikk m/ISO på nett og maskinteknikk på nett frå år til år. Basert på dette skulle maskinteknikk m/ISO ha vore oppretta hausten 2017, men interessa for dette tilbodet er ikkje like stor som for ordinær maskinteknikk. Det vert difor føreslått at ein opprettar ordinær maskinteknikk og ikkje maskinteknikk m/ISO.
 - o Av di det er noko betre kapasitet i ramma for 2017 vert det føreslått å ta inn 32 studentar på maskinteknikk nett i staden for 30. Dette er også eit populært tilbod som skulen har moglegheit til å ta inn fleire studentar på.
- Prosessteknikk
 - o Tilbodet prosessteknikk vert føreslått berre oppretta på nett av di det er færre søkjarar til dette tilbodet totalt sett. Det har vore praksis å berre gje dette tilbodet på nett ved Bergen tekniske fagskole.

Stord

- Maskinteknikk
 - o Tilboda på Stord har tidlegare vorte finansiert utanfor ramma til fagskulestyret. Det er no rom for å oppretta eit tilbod på Stord innanfor ramma, men med eit redusert finansiert studenttal under denne ramma. Det vil sei at næringa på Stord må bidra anten finansielt eller med eigeninnsats i form av lærekrefter for at tilbodet skal kunne starta opp og vere fullfinansiert. Det er meir kostnadskrevjande å drifta tilbodet på Stord, og næringa må difor bidra med ein eigeninnsats på om lag 1,16 mill. Dersom styret vedtek å oppretta eit tilbod på Stord må skulen gå i dialog med næringa om delfinansiering. Endeleg tilbodsstruktur vert handsama av styret i mai 2017, og ein vil då kunna ta stilling til endeleg oppretting av tilbodet i høve til vurderingar av finansiering og søkartala totalt.

Nygård

- Boring
 - o Ved studiestaden Nygård vert det føreslått å berre opprette éin klasse innan boring med 35 studentar. Tilbodet på boring er tilrettelagt for turnus, og difor er det ikkje fulle klassar ved kvar undervisningsøkt. Dette gjer at ein kan starta opp med ein klasse med meir enn 30 studentar. Per 1. oktober 2016 var det 43 studentar på boring og 13 på havbunnsinstallasjonar. Dei 43 studentane ved boring er fordelt over to klassar. Årsaka til få studentar er som kjent ein nedgang i næringa. Dei som søker boring søker også ofte havbunnsinstallasjonar som 2.val. Dersom tilstanden i næringa skulle snu seg ved søknadsrunden våren 2017, kan ein vurdere om det likevel er behov for to klassar innan boring, og om det er ønskeleg å gjere endringar andre stader i tilbodsstrukturen.

Austevoll

- Inga endring.

Hjeltnes

- Arborist
 - o Ved studiestaden Hjeltnes vert tilbodet arborist starta opp annakvart år, og det vert difor ikkje føreslått å starta opp ein ny klasse hausten 2017. Det er 12 studentar ved utdanninga i dag som vil fullføre våren 2018. I tilbodsstrukturen er det lagt inn 18 studentar på andre året av di det tidlegare har vore vedteke å styrkje dette tilbodet med ekstra finansiering.

Voss

- Anlegg
 - o Ved studiestaden Voss vart det starta opp eit heiltidstilbod innan anlegg hausten 2015. På Voss har ein dei siste åra alternert i høve til å starta opp heiltid og nett-tilbod annakvart år. Det vert difor føreslått å starta opp nett-tilbod innan anlegg hausten 2017, og ikkje tilbod på heiltid.

Fusa/Austevoll

- Akvakultur
 - o Utdanninga akvakultur må reviderast før det er mogleg å starta opp nytt tilbod.



Arkivnr: 2015/11453-62
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	45/16	18.11.2016

Tilsetjing av ny teamleiar for dekksoffisersavdelinga ved Bergen Maritime Fagskule

Samandrag

Etter fagskulelova § 3 skal fagskulestyret tilsetje fagleg og administrativ leiar ved fagskulane. Ved dei maritime utdanningane er det krav til at fagleg leiar har kompetanse innan STCW kap. 2/II, det vil sei at fagleg leiar skal ha utdanning på same nivå eller høgare enn det nivået skulen utdannar til. Av di fagleg leiar-funksjonen ikkje vert lagt til rektor er det etablert ein teamleiarfunksjon som skal ivareta krava i STCW-konvensjonen. Karianne Grønseth som er lærar ved Bergen maritime fagskule har nest høgaste sertifikat D2, medan studentane vert utdanna til å segla til sertifikat D4. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrår at Karianne Grønseth vert tilsett i funksjonen som teamleiar for dekksoffisersutdanninga ved Bergen maritime fagskule avdeling Bergen.

Forslag til vedtak

Karianne Grønseth vert tilsett i funksjonen som teamleiar for dekksoffisersutdanninga ved Bergen maritime fagskule avdeling Bergen.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.11.2016

Etter fagskulelova § 3 skal fagskulestyret tilsetje fagleg og administrativ leiar ved fagskulane. Ved dei maritime utdanningane er det krav til at fagleg leiar har kompetanse innan STCW kap. 2/II som seier at fagleg leiar skal ha utdanning på same nivå eller høgare enn det nivået skulen utdannar til. Av di fagleg leiar ved dei maritime utdanningane ikkje kan liggje hjå rektor som ved dei andre utdanningane, vert den som har fagleg leiing ved maritim utdanning tilsett i funksjonen teamleiar.

Avdelingsleiar ved Bergen maritime fagskole avdeling Bergen, Håvard Endre Waage, har vore fungerande teamleiar for dekksoffisersutdanninga i skuleåret 15-16. Dette har vore på dispensasjon frå *Forskrift om kvalifikasjoner og sertifikater for sjøfolk*.

Grunna høg arbeidsmengde og ei meir føremålstenleg organisering, har skulen sidan hausten 2016 nytta Karianne Grønseth som teamleiar for avdelinga. Sjøfartsdirektoratet er informert om dette, og dei bekreftar at Karianne Grønseth innfrir krav til kompetanse for denne rolla av di ho har kompetanse innan STCW kap. 2/II. Grønseth har nest høgaste sertifikat D2, medan studentane vert utdanna til å segla til sertifikat D4. Grønseth er lærar ved Bergen maritime fagskole (avdeling Bergen) og er i gang med å fullføra praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). Grønseth skriv også lærebok innan lastelære i lag med lærarar ved to andre maritime fagskular i Norge.

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrår at Karianne Grønseth vert tilsett i funksjonen som teamleiar for dekksoffisersutdanninga ved Bergen maritime fagskole avdeling Bergen.



Arkivnr: 2015/11453-57
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	46/16	18.11.2016

Mandat til å revidere felles nasjonale læringsutbyttebeskrivingar og felles nasjonale emneplanar

Samandrag

Dei maritime fagskulane i Norge har tidlegare utarbeidd felles nasjonale studieplanar, emneplanar og læringsutbyttebeskrivingar (LUB), og desse vart godkjent av NOKUT i ein felles søknad. I ettertid har NOKUT hatt revisjonar ved fleire maritime fagskular, og nokre av desse fekk ikkje godkjent dei felles nasjonale LUB. «Nasjonalt utvalg for maritime fagskoleutdanninger» har utarbeidd ein prosessplan der det vert etablert eit prosjekt som skal utarbeide nye og forbetra LUB for dei maritime emneplanane. På bakgrunn av dette er det sendt brev til fagskulestyra for dei maritime fagskulane for å be om oppslutnad til mandat for å revidere felles nasjonale LUB og felles nasjonale emneplanar med nasjonal standard for vurdering. Etter at nye LUB og emneplanar er utarbeidd vil styret få ny sak der planane vert endeleg vedtekne for Bergen maritime fagskole og sendt til NOKUT for godkjenning.

Forslag til vedtak

1. Fagskulestyret gjev tilslutnad til mandat for revidering av felles nasjonale læringsutbyttebeskrivingar og emneplanar.
2. Fagskulestyret ber om ny sak for å senda planane til godkjenning hjå NOKUT etter at felles nasjonale læringsutbyttebeskrivingar og emneplanar er revidert.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Brev om mandat
- 2 Tilsvar til NOKUT

Fylkesrådmannen, 28.10.2016

Dei maritime fagskulane i Norge har tidlegare utarbeidd felles nasjonale studieplanar, emneplanar og læringsutbyttebeskrivingar (LUB), og desse vart godkjent av NOKUT i ein felles søknad. I ettertid har NOKUT hatt revisjonar ved fleire maritime fagskular, og nokre av desse fekk ikkje godkjent dei felles nasjonale LUB. På bakgrunn av dette valde NOKUT å gjere ei sakkunnig vurdering av LUB i nasjonale planar for dei maritime fagskuleutdanningane. Rapporten for den sakkunnige vurderinga vart deretter sendt til «Nasjonalt utvalg for maritime fagskoleutdanningar» (NUMF), og det vart bedt om ein prosessplan for vidare arbeid med LUB.

NUMF har utarbeidd ein prosessplan der det vert etablert eit prosjekt som skal utarbeide nye og forbetra LUB for dei maritime emneplanane (vedlegg 2). På bakgrunn av dette er det sendt brev til fagskulestyra for dei maritime fagskulane for å be om oppslutnad til mandat for å revidere felles nasjonale LUB og felles nasjonale emneplanar med nasjonal standard for vurdering (vedlegg 1). Etter at nye LUB og emneplanar er utarbeidd vil styret få ny sak der planane vert endeleg vedtekne og sendt til NOKUT for godkjenning for Bergen maritime fagskole.

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrår at fagskulestyret gjev tilslutnad til mandat som det kjem fram av vedlagt brev (vedlegg 1), og seinare handsamar eiga sak for å vedta nye emneplanar og LUB for maritim fagskuleutdanning under Fagskolane i Hordaland.

Anne Sjøvold
Prosjektkoordinator MARFAG2020

+47 93064664
anne.sjovold@hbv.no,

Dato: 08.11.16

MARKOM2020
c/o Høgskolen i Sørøst-Norge
Besøksadresse:
Raveien 197, 3184 Borre

Postadresse:
Høgskolen i Sørøst-Norge
Postboks 235
3603 Kongsberg

Til styrene v/ rektor for de
Maritime fagskolene i Norge

Mandat for å revidere læringsutbyttebeskrivelser (LUB) og emneplaner for de maritime fagskolene i Norge, ref. MARFAG2020 tiltak F15/LUB og F34/Revisjon av emneplaner

De maritime fagskolene i Norge har i noen år hatt et operativt samarbeid for å utarbeide felles læringsutbyttebeskrivelser og emneplaner. Dette arbeidet ble initiert av fagskolene etter at Norge, ved Kunnskapsdepartementet, innførte Nasjonalt Kvalifikasjonsrammeverk (NKR) i det norske utdanningssystemet. NKR er knyttet opp til det europeiske kvalifikasjonsrammeverket EQF for på den måten å kunne sammenligne kvalifikasjoner på tvers av nasjonene.

NKR beskriver hvilket læringsutbytte studentene skal ha etter endt utdanning og fagskolene er innplassert på nivå 5.1 og 5.2. Bachelor er innplassert på nivå 6 og Master er innplassert på nivå 7. Siden den maritime utdanningen er styrt av IMO-konvensjonen «International Convention on Standards of Training, Certification and Watchkeeping for Seafarers», STCW, har de maritime fagskolene valgt å ha felles nasjonale LUB og emneplaner.

NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen) akkrediterer og utfører tilsyn med fag- og høyskoler samt universiteter i Norge. I prosessen benyttes sakkyndige utvalg som skal sikre at den faglige kvaliteten er i tråd med de krav myndighetene stiller. NOKUT reviderer både administrative- og faglige forhold ved utdanningsinstitusjonene.

NOKUT har revidert flere av de maritime fagskolene i Norge. Felles for disse revisjonene er at det er den enkelte skole som blir revidert, selv om fagskolene har en felles LUB og emneplan. På bakgrunn av at noen fagskoler fikk underkjent sine LUB, valgte NOKUT våren 2016 å foreta en sakkyndig vurdering av den felles nasjonale LUB. Læringsutbyttepanelet fikk den 30. mars 2016 i oppdrag å vurdere læringsutbyttebeskrivelser i nasjonale planer for de maritime fagskoleutdanningene.

Læringsutbyttepanelet oversendte sin rapport «Panelvurdering av læringsutbyttebeskrivelser, Nasjonale planer for maritime fagskoleutdanninger» til NUMF (Nasjonalt utvalg for maritime fagskoleutdanninger) den 29.6.2016. NOKUT ba om å få tilsend en prosessplan for videre arbeid med felles LUB.

NUMF sendte prosessplanen til NOKUT den 17.10.2016, se vedlegg. Planen skisserer at det nedsettes et prosjekt ledet av Morten Wæhle ved Fagskolen i Vestfold som skal revidere både felles LUB og emneplaner for alle fagskolene i Norge. Prosessen ble forankret i rektorkollegiet ved de maritime fagskolene i møte den 27.9.2016.

På bakgrunn av ovenstående ber vi om at styrene ved den enkelte fagskole gir rektorkollegiet ved de maritime fagskolene, v/prosjektleder, mandat til å revidere felles nasjonale læringsutbyttebeskrivelser og felles nasjonale emneplaner med nasjonal standard for vurdering.

Vi anmoder om at vedlagte forslag til vedtak behandles i styrene så raskt som praktisk mulig, gjerne via epost, slik at mandatet kan operasjonaliseres i rektormøte den 24. november 2016. Videre vil vi presisere at dette prosjektet vil bli søkt finansiert gjennom MARFAG2020 som Marfag tiltak for 2017.

Horten 27.10.2016

Morten Wæhle
Prosjektleder

Anne Sjøvold
Marfag2020

Bernt Almedal
NUMF

Vennligst fyll ut og returner dette skjema til anne.sjovold@hbv.no, innen 23. november

Styret for: _____

har i møte den _____ gjort følgende vedtak:

Rektorkollegiet for de maritime fagskolene i Norge v/prosjektleder får i oppdrag å iverksette følgende arbeid på vegne av styret:

1. Å utarbeide nye læringsutbyttebeskrivelser (LUB), både overordnet og på emnenivå, dekkings- og maskinlinjen, operativt- og ledelsesnivå, som skal være felles for alle de maritime fagskolene i Norge.
2. Å revidere nåværende felles nasjonale emneplaner med nasjonal standard for vurdering i alle emner for maritim fagskoleutdanning.

Disse to oppdragene sees i sammenheng og arbeidet skal gjennomføres parallelt.

Premisser:

1. De overordnede LUB og LUB på emnenivå skal være forankret i «International Convention on Standards of Training, Certification and Watchkeeping for Seafarers», STCW.
2. Emneplanene skal være forankret i «IMO Model Course» som er IMOs veiledning i forhold til å utarbeide emneplaner.
3. Arbeidet iverksettes umiddelbart.
4. LUB ferdigstilles ila vårsemesteret 2017.
5. Emneplanene skal ferdigstilles slik at de er implementert til skolestart august 2018.

Dato:

Signatur:

Styreleder/for styreleder

Panelvurdering av læringsutbyttebeskrivelser i nasjonale planer for maritime fagskoleutdanninger

Viser til sak 16/00469.

Den 27. september 2016 hadde rektorene for de maritime fagskolene møte hvor saken var behandlet. Med bakgrunn i vedtak fra møtet, har NUMF utarbeidet en prosessplan for oppfølging av LUB.

NUMF vil presisere at det er den enkelte fagskole som eier LUB. De maritime fagskolene har inngått en avtale om å utarbeide en felles nasjonal LUB. Det er disse felles nasjonale LUB som har blitt gjenstand for en panelvurdering i regi av NOKUT.

Det er et sterkt fokus på LUB hos de maritime fagskolene. NUMF og rektorkollegiet har gjennom MARFAG2020 initiert tiltak for å foreta en revidering av LUB. MARFAG2020 har tildelt prosjekt "F15 LUB" kr. 150 000,- i midler for 2016 og det vil bli søkt om ny tildeling av midler for 2017.

Følgende prosessplan legges til grunn:

Prosjekt "F15 LUB" startes 01.10.2016.

Morten Wæhle ved Fagskolen i Vestfold har mandat til å styre prosessen. Med seg i arbeidet vil han kunne spille på ressurser fra de ulike fagskolene, men det vil være avdelingsleder Harry Arne Haugen ved Fagskolen i Troms avd. Tromsø og avdelingsleder Odd Konrad Dahle ved Fagskolen i Rogaland avd. Karmsund som vil være de nærmeste faglige medspillere i prosessen. Rektor Ola Småkasin ved Fagskolen i Vestfold vil være bindeledd til rektorene og Anne Sjøvold ved MARFAG2020 vil være koordinator.

Når forslaget til revidert LUB er ferdig utarbeidet vil dette bli behandlet i rektormøtet for fagskolen. Deretter vil de godkjente LUB bli sendt til NUMF slik at LUB blir forankret i næringen.

Reviderte LUB vil bli tilsendt NOKUT for ny vurdering.

Det er et mål at reviderte og godkjente LUB skal være implementert innen skolestart 2017. En detaljert arbeidsplan vil bli utarbeidet i samråd med aktørene.

Utfyllende informasjon:

Morten Wæhle har allerede startet arbeidet med å utarbeide søknad for godkjenning av maritim utdanning for Fagskolen i Vestfold. I den forbindelse har han kontaktet NOKUT v/ Christin Drangslund. Vi ber derfor NOKUT vurdere om det er hensiktsmessig å samordne disse prosjektenes dialog med NOKUT.

Morten Wæhle deltok på Sjø sikkerhetskonferansen i Haugesund ultimo september og hadde i den forbindelse uformelle samtaler med Sjøfartsdirektoratets utdanningsavdeling. Sjøfartsdirektoratet viste interesse for den generelle problemstillingen og signaliserte at det ville være naturlig at direktoratet ble involvert på et noe senere trinn i prosessen. Dette ble tolket slik at man var interessert i å finne løsninger i forkant av at søknadene formelt skulle vurderes av sakkyndig komité.

Vi ønsker et tett samarbeid med NOKUT og SDIR for å avstemme struktur og deskriptorer i NKR med struktur og deskriptorer i STCW. Dette vil bli nærmere beskrevet i den følgende dialogen med NOKUT.

NUMF vil samtidig informere NOKUT om at de maritime fagskolene i fellesskap har initiert tiltak gjennom MARFAG2020 for å gjennomføre en revisjon av skolenes læreplaner. MARFAG2020 har bevilget kr 42 000,- til et forprosjekt "F34 Revisjon av læreplaner for de maritime fagskolene". Forprosjektet gjennomføres høsten 2016 og hovedprosjektet vi ha som mål å ferdigstille revisjonen slik at de reviderte planene er implementert i skolene til skolestart 2018. Hovedprosjektet vil søke MARFAG2020 om midler, og prosjektets kostnad er estimert til kr 1 400 000,-

Morten Wæhle
Fagskolen i Vestfold

Anne Sjøvold
MARFAG2020

Bernt Almedal
Leder NUMF



Arkivnr: 2015/11453-61
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	47/16	18.11.2016

Kvalitetsmelding for Fagskolane i Hordaland skuleåret 2015/16

Samandrag

Dei årlege skulebesøka ved Fagskolane i Hordaland er gjennomført i tråd med kvalitetssikringssystemet, og årsmeldingane og målsettingane for skuleåret 2015/16 er følgt opp. På bakgrunn av årsmeldingane og skulebesøka vert kvalitetsmeldinga for Fagskolane i Hordaland lagt fram for styret i denne saka. Gjennom skulebesøka får ein godt innsyn i korleis fagskulane arbeider med kvaliteten i utdanninga. Skulane syner at dei tek tilbakemeldingar frå studentar, lærarar og sensorar på alvor, og følgjer opp eventuell misnøye. Basert på resultatane i årsmeldingane og drøftingane ved skulebesøka vert det vidare tilrådd nye mål for Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2016/17.

Forslag til vedtak

Fagskulestyret tek saka til etterretning og vedtek følgjande mål for Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2016/17:

Fagskolane i Hordaland skal arbeide aktivt og systematisk for å:

1. redusere fråfallet mellom første og andre semester
2. utvikle eit positivt og godt læringsmiljø, og oppnå ein gjennomsnittsskåre som ikkje er lågare enn 4,5 med ein skala frå 1 til 6 i høve til studentane sin tilfredsheit med det totale læringsmiljøet.
3. informera og arbeide med studentane om kva læringsutbytte dei skal oppnå i løpet av studia og oppnå ein gjennomsnittsskåre som ikkje er lågare enn 4,5 på spørsmål om studentane sin kjennskap til emneplanen.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 01.11.2016

Dei årlege skulebesøka ved Fagskolane i Hordaland er gjennomført i tråd med kvalitetssikringssystemet, og årsmeldingane og målsettingane for skuleåret 2015/16 er følgt opp. Det er regionleiar ved den aktuelle skule og fagskulekoordinator ved Opplæringsavdelinga som er ansvarleg for å førebu agenda og leie møta. Ved skulebesøka deltok leiinga ved den einstilte fagskule, samt ein studentrepresentant og tilsettrepresentant. Ved skulebesøka på Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole deltok også styreleiar og studentrepresentanten i fagskulestyret. På bakgrunn av årsmeldingane og skulebesøka vert kvalitetsmeldinga for Fagskolane i Hordaland lagt fram for styret i denne saka.

I kvalitetsmeldinga vert det først gjeve ei oversikt over talet på studentar ved Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2015/16, og vidare vert tilhøve som kjem fram i årsmeldingane, eller har vore diskutert ved alle dei tre fagskulane omtalt. Deretter vert det gjeve ei oppsummering av funn og drøftingar ved den einstilte skule, og til slutt vert det gjeve ei kort oppsummering av kvalitetsarbeidet med tilråding til målsetting for skuleåret 2016/17.

Fagskolane i Hordaland

For skuleåret 2015/16 har fagskulestyret vedteke følgjande målsetting for Fagskolane i Hordaland:

Fagskolane i Hordaland skal arbeide aktivt og systematisk for å:

1. redusere fråfallet mellom første og andre semester
2. utvikle eit positivt og godt læringsmiljø, og oppnå ein gjennomsnittskåre som ikkje er lågare enn 4,5 med ein skala frå 1 til 6 i høve til studentane sin tilfredsheit med det totale læringsmiljøet.

Måloppnåinga vert omtalt under den einstilte skule seinare i saka.

I skuleåret 2015/16 var det følgjande studenttal ved Fagskolane i Hordaland:

Fagskolane i Hordaland	2015	2016
	Haust	Vår
	Tal studentar	Tal studentar
Bergen maritime fagskole	342	308
Bergen tekniske fagskole	762	687
Hordaland helsefagskole	57	51
Sum	1161	1046

Tabell 1. Tal på studentar skuleåret 2015/16 fordelt på skule og semester.

Totalt var det 1161 studentar som starta på ei utdanning ved Fagskolane i Hordaland hausten 2015. Våren 2016 var talet på aktive studentar 1046. På bakgrunn av dette er det eit fråfall mellom fyrste og andre semester på om lag 10 %. Ved Bergen tekniske fagskole var det ein klasse som vart uteksaminert hausten 2015. Dette var ein klasse ved studiestaden Stord som starta opp vinteren 2013 og som hadde eit anna studieløp enn dei andre studentane ved Bergen tekniske fagskole. Dersom ein justerer for desse studentane vert fråfallet mellom fyrste og andre semester om lag 8,5 %. Fråfallet mellom første og andre semester i skuleåret 2014/15 var på om lag 11 %, og det er såleis ein reduksjon i fråfallet mellom semestera frå skuleåret 2014/15 til 2015/16.

Av det totale studenttalet ved Fagskolane i Hordaland hausten 2015 var om lag 11 % kvinner. Ved Bergen maritime fagskole var det 5,2 % kvinner, og ved Bergen tekniske fagskole var det 7,4 %. Ved Hordaland helsefagskole var om lag 91 % kvinner.

Ved Bergen maritime fagskole er alle studentane heiltidsstudentar, medan alle studentane ved Hordaland helsefagskole er deltidstudentar. Ved Bergen tekniske fagskole vert det gjeve tilbod både på heiltid og deltid, og andelen deltid er på om lag 65 % i skuleåret 2015/16.

Tilhøve som har vore drøfta ved dei tre fagskulane:

Samarbeid med næringslivet

Årsmeldingane for dei tre fagskulane syner at studentane gjev ein noko låg skåre på spørsmål om samarbeid med næringslivet. Dei tre fagskulane syner til utstrekt samarbeid med næringslivet, men erkjenner at det gjerne ikkje er informert godt nok til studentane. Ved Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole ser ein forskjellar mellom første og andre studieår. Studentane på første studieår er mindre nøgd enn studentane på andre studieår. Årsaka til dette er at det er meir kontakt med næringslivet i andre studieår både i høve til eksterne førelesarar, ekskursjonar og i høve til hovudprosjektet som vert gjennomført i samarbeid med næringslivet. Ved Hordaland helsefagskole ser ein at noko av årsaka til låg skåre på spørsmål om samarbeid med næringslivet kan vere på grunn av vanskar med å skaffe hospiteringsplassar i samband med fordjupingsmodulen på siste studieår. I tillegg ser ein at dersom studentar innan helsefaga ikkje får tilrettelegging frå eigen arbeidsgjevar under utdanninga kan dette gje negativt utslag på spørjeundersøkinga.

Dei tre fagskulane arbeider med å betra resultata i høve til studentane sin tilfredsheit med skulane sin grad av samarbeid med næringslivet. Til dømes vert det fokusert meir på å informere om kva skulane har av samarbeid, samt at det vert arbeidd med at den einskilde lærar har fokus på næringskontakt.

Måling av gjennomføringsgrad

Eit av måla for Fagskolane i Hordaland er å redusera fråfallet mellom fyrste og andre studieår. Dette kan ein sjå i statistikk frå *Database for høgare utdanning (DBH)* som fagskulane rapporterer studentdata til. Det er ikkje mogleg å hente ut statistikk for gjennomføring over lengre tid hjå DBH, og det er derfor ønskeleg at fagskulane må føre statistikk over fråfallet over tid sjølv. For å få ei lik føring av statistikk om fråfall ved dei tre fagskulane, og for å kunne samanlikna frå år til år, vil det verte utarbeidd ein felles mal for dette. Ein må då vurdere om ein skal føra statistikk på individnivå eller på klassenivå. Dersom ein fører statistikk på individnivå vil det vere mogleg å sjå på grad av fullføring på meir enn normert studietid, til dømes over tre eller 5 år.

Evaluering av kvalitetssystemet og spørjeskjema

Ved skulebesøka vart det stilt spørsmål ved om nokon av formuleringane i spørjeskjemaa og innhaldet i det ein spør om er presist nok eller høvelege for å få ut relevant informasjon til kvalitetsarbeidet. Døme på dette er spørsmål om samarbeid med næringslivet der det kan sjå ut som at nokon av studentane responderer i høve til grad av samarbeid med eigen arbeidsgjevar. På bakgrunn av dette er det ønskeleg at fagskulane saman med administrasjonen ved Opplæringsavdelinga går igjennom spørjeskjemaa for studentane, lærarane og sensorane på nytt for å vurdere om desse skal endrast. I tillegg er det ønskeleg å vurdere om ein skal endra måten skulane rapporterer funn og måloppnåing på i årsmeldingane, både i høve til å synleggjere det totale kvalitetsarbeidet ved skulane, og for å standardisera rapporteringsforma mellom skulane.

Bergen tekniske fagskole

Samarbeid med næringslivet

Som nemnt over ønskjer skulen å arbeida med å informera studentane betre om kva samarbeid skulen har i høve til aktuelt næringsliv. Skulen syner til eit utstrakt samarbeid med næringslivet, og eit godt døme på dette er etableringa av den nye Klima, energi og miljø laben (KEM-laben) som skulen fekk etablert hausten 2016. Laben er eit spleiselag mellom skulen sine egne investeringsmidlar frå fylkeskommunen og fleire verksemder. Hovudbidraget er kome frå inneklimakonsernet GK, som igjen har fått fleire underleverandørar til å bidra med utstyr og installering av utstyret. Samarbeidet har vorte initiert av skulens egne lærarar som også har hatt oppfølgingsansvar og gjort ein stor innsats for å få bygd laben.

Skulearbeid utover ordinær skuletid

I studentevalueringa ved Bergen tekniske fagskole kjem det fram at om lag 54 % arbeider frå 0 til 6 timar utover ordinær skuletid. Skulen ønskjer å stimulere til meir eigeninnsats hjå studentane då det er viktig med ein høg grad av sjølvstudium ved fagskuleutdanningane. Bergen tekniske fagskole har mellom anna investert i eit digitalt pedagogisk verktøy som heiter Big blue button, og som gjer det mogleg å laga videosnuttar som kan leggast ut på Youtube, og som studentane kan sjå når det passar dei. I tillegg kan

lærarane nytte utstyret til å planleggje mindre samlingar eller støttetiltak med undervisning via nett på denne pedagogiske plattform. Studentrådsleiaren seier at studentane er svært nøgde med dette verktøyet, og meiner at videosnuttar på Youtube, samt meir innleveringskrav undervegs i utdanninga vil kunne bidra til auka eigeninnsats. Det pedagogiske verktøyet vart kjøpt inn av utviklingsmidlane som vart gjeve av fagskulestyret i 2016.

Kjennskap til emneplanane

I høve til spørsmål om kjennskap til emneplanane gjev studentane ein skåre på 3,78 i snitt. Dette er under kritisk verdi som er sett til 4. Skulen har fokus på emneplanane i undervisninga, og lærarane går igjennom dei ulike måla for emna i undervisninga. Likevel ser skulen at det er ønskjeleg å arbeide meir med å gjere studentane kjent med emneplanane av di det er viktig at studentane har ei god oversikt over kva dei skal lære.

Tilfredsheit med undervisninga

Ved nokre av emna i utdanningane ved Bergen tekniske fagskole gjev studentane låg skåre på spørsmål om tilfredsheit med undervisninga i høve til fagleg nivå, organisering og framdrift og arbeidsmetodar. I gjennomgang av årsmeldinga og referat frå førre skulebesøk i 2015, ser ein også at ein del av emna som fekk låg skåre i 2014/15, får god skåre dette skuleåret. Avdelingsleiarane nyttar tilbakemeldingane frå studentane i medarbeidarsamtalane, og det vert då fokusert på forbetringar. Dersom studentane gjev ein gjennomsnittsskåre lågare enn 4 får avdelingsleiar ansvar for å vere med å avtale forbetringstiltak saman med lærarane i dei aktuelle emna. Skulen syner at tilbakemeldingane frå studentane vert tekne på alvor, og at resultatata vert følgt opp på ein god måte.

Auke i studenttal og lokalitetar

Ved Bergen tekniske fagskole har studenttalet auka mykje dei seks siste åra (sjå tabell 2 under). Hausten 2011 var det 486 studentar ved Bergen tekniske fagskole, og hausten 2016 er det 761 studentar. Frå 2011 til 2016 har studentalet auka med om lag 56 %.

Bergen tekniske fagskole	2011	2012	2013	2014	2015	2016
	Haust	Haust	Haust	Haust	Haust	Haust
	Tal studentar	Tal studentar	Tal studentar	Tal studentar	Tal studentar	Tal studentar
Stuedstad Nordnes*	486	600	633	700	651	690
Stuedstad Austevoll			6			
Stuedstad Fusa			7			
Stuedstad Hjeltnes			12	16	15	12
Stuedstad Stord		28	60	45	38	20
Stuedstad Voss			32	41	58	39
Sum	486	628	750	802	762	761

Tabell 2: Aktive studentar ved Bergen tekniske fagskole per 1. oktober frå 2011 til 2016.

*Fram til våren 2015 var studiestaden til Bergen tekniske fagskole i Strandgaten.

Noko av auken i studenttalet er som ein ser i tabell 2 eit resultat av tidlegare samanslåingar, men hovudskulen (Nordnes) har også hatt ein stor auke frå 2011. Flyttinga frå Strandgaten sommaren 2015 til større lokale i Haugeveien 28 på Nordnes har vore eit løft for skulen. Lokala i Strandgaten var små, og studentane uttrykte ein del misnøye med lokalitetane, innklimaet og utstyret. Etter at skulen flytta til Haugeveien 28 har skulen fått mykje betre plass til både studentar og tilsette, samt areal til naudsynt utstyr som det har vorte investert i etter flyttinga. Dette ser ein også igjen i studentevalueringa der spørsmål om lokalitetar og utstyr får betrakteleg betre skåre i skuleåret 2015/16 enn tidlegare år.

Leiinga si eiga vurdering av måloppnåing skuleåret 2015/16

Gjennomstrømming og fullføring av utdanningane

- Skulen har dette året ein høgare del av studentar som får bestått vitnemål ved fullført fagskuleutdanning samanlikna med året før. 93 % av uteksaminerte studentar fekk vitnemål. Skulen er godt nøgd med gjennomføringsgraden for skuleåret 2015/16.

- Skulen har framleis for høgt fråfall i det første halve året av fagskuleutdanningane. Skulen har ei særskilt satsing på arbeidet med å redusere fråfallet ved studiestart både for heiltids- og nettklasser, utan at skulen har lukkast godt nok med det.

Det totale læringsmiljøet

- Studentane si vurdering av det totale læringsmiljøet vert målte kvart år.
- Studentane si vurdering av det totale læringsmiljøet har vorte betre for kvart år skulen har gjennomført studentundersøkinga. Snittskår passerte kritisk verdi ved siste års undersøking og er nå 4,1. Leiinga er nøgd med denne framgangen, men vil halde fram med tiltak inntil skulen sitt mål med snittskår på 4,5 er nådd.
- Rektor er nøgd med resultatet og betringa i forhold til dei tre føregåande skuleåra.

Etter flyttinga til Haugeveien 28 er det totale læringsmiljøet og arbeidsforholda både for studentar og tilsette blitt mykje betre. Rektor ser ei positiv utvikling for heile Bergen tekniske fagskole.

Bergen maritime fagskole

Svarprosent

Ved petroleumsutdanningane og ved dekksoffisersutdanninga ved studiestaden Austevoll er det låg svarprosent. Ved maskinoffisersutdanninga er det god svarprosent. Skulen vil arbeide med å auke svarprosenten i studentundersøkinga. Skulen har gjennomført tiltak ved å ha ein motivasjonssamtale med studentane i høve til å svara på undersøkinga, i tillegg til at undersøkinga vert gjennomført i ein skuletime. Likevel har det vore vanskeleg å få god svarprosent ved det petroleumstekniske tilbodet av di dette er turnusbaserte utdanningar. Ved studiestaden Austevoll har det vore ein del reiseaktivitet mellom Bergen og Austevoll, og det har vore vanskeleg å få til ein felles time til å gjennomføre undersøkinga. Skulen vil som nemnt arbeide med å auke svarprosenten og må sjå nærare på organisatoriske tilhøve for å få best mogleg svarprosent.

Kjennskap til emneplanen

Ved fleire av utdanningane gjev studentane ein låg skåre på spørsmål om kjennskap til emneplanen, og skulen vil arbeide for å betre dette. Lærarane går igjennom emneplanane undervegs i studieløpet og gjerne etter at studentane er kome i gang med undervisninga. Dette er ein god praksis av di studentane då vil ha noko meir kjennskap til kva som er læringsutbyttet for emnet. Skulen vil i fortsetjinga ta opp emneplanane i høve til læringsmåla ved skulestart og vise til kor studentane finn planane. Studentane meiner også det er viktig for eit godt læringsutbytte at studentane veit kva som er forventna av dei og kva som er læringsmåla for undervisninga. I tillegg er studentane samde med skulen i at det er viktig å gå igjennom emneplanane eller læringsmåla undervegs i emna av di dei då vil ha ei større forståing av kva dei skal lære. Vidare vart det spelt inn at ein bør vurdere om spørsmålet om kjennskap til emneplanen bør formulerast annleis av di det er kjennskap til læringsmåla og læringsutbyttet ein ønskjer å måle.

Tilfredsheit med undervisninga

Ved nokre av emna i utdanningane ved Bergen maritime fagskole ser ein at studentane gjev låg skåre på spørsmål om tilfredsheit med undervisninga i høve til fagleg nivå, organisering og framdrift og arbeidsmetodar. Samtidig ser ein at emne som fekk låg skåre i undersøkinga for skuleåret 2014/15 får god skåre i undersøkinga for 2015/16, og skulen syner at tilbakemeldingane frå studentane vert følgt opp. Studentane ved Bergen maritime fagskole gjennomfører studentevalueringa på slutten av første semester, slik at tilhøve som får negativ tilbakemelding vert korrigert innanfor same skuleår. Nokre av emna som får låg skåre er innan realfag eller fag som studentane synest er vanskeleg. Skulen kan då tilby ekstraundervisning eller styrking innan dei aktuelle emna dersom studentane ønskjer det. Skulen ønskjer også å ha fokus på større tverrfagleg samarbeid innan emna som kan vere krevjande. Ved fagskulen vert det også gjennomført «Den gode undervisningsøkt» som er eit opplegg der lærarane først drøftar kva som skal til for å ha ei god undervisningsøkt, og deretter vert det gjennomført ein samtale med studentane om det same.

Innan utdanninga havbunnsinstallasjonar er det fleire emne som får låg skåre. Skulen meiner årsaka til dette er at det er lite oppdatert litteratur innan dette fagfeltet. For å gje studentane meir oppdatert undervisning vart det utvikla eit undervisningsopplegg med Statoil på Ågotnes som har gjeve gode resultat. Dette prosjektet vart finansiert med utviklingsmidlar frå fagskulestyret. I studentevalueringa ser ein at sjølv

om fleire emne innan havbunnsinstallasjonar får låg skåre rapporterer studentane om eit godt læringsmiljø, og her er det også ein auke frå året før.

Samarbeid med næringslivet

Ved nokon av fagskuletilboda ved Bergen maritime fagskole gjev studentane ein låg skåre på spørsmål om skulen sin grad av samarbeid med næringslivet. Skulen har høg grad av samarbeid med næringslivet, men som ved Bergen tekniske fagskole er det meir samarbeid med næringslivet i høve til studentane på første studieår. Skulen ønskjer å verte enda betre på samarbeid med næringslivet og har lagt dette inn i sin utviklingsplan. Av samarbeid som skulen har i dag er mellom anna ekskursjonar og eksterne førelesarar. Undervisningsopplegget som vart utvikla med Statoil på Ågotnes er også eit godt døme på samarbeid med næringslivet. Skulen vil også sjå på moglegheita for at studentane på første studieår også kan verte invitert til førelesingar med representantar frå aktuelt næringsliv.

Arbeid utover ordinær skuletid

Ved nokre av tilboda er det noko låg grad av eigeninnsats i høve til kva skulen meiner studentane må ha utover ordinær skuletid. Skulen ønskjer å arbeide med å auke studentane sin grad av eigeninnsats ved å fortsette med å bevisstgjere dei i høve til kva som vert kravd av ein fagskulestudent. Innan maritime fag er det til dømes gitte normkrav til eigeninnsats i emneplanane i høve til talet på fagskulepoeng. Skulen vil også sjå på fordeling av arbeidskrav i løpet av skuleåret for å sikre ei jamn fordeling igjennom skuleåret.

Leiinga si eiga vurdering av måloppnåing skuleåret 2015/16

Petroleumsteknisk fagskole			
Mål	Tiltak	Resultatmål/ kjennetegn	Kommentar
Redusere antall studenter som ikke fullfører utdanningen	a) Innføre ekstra undervisning i realfag b) Klargjøre skolens forventninger til hvor mye tid studentene bruker på skolearbeid. c) Følge studentene tett opp ved stort fravær. d) Følge studentene tett opp ved fare for lav måloppnåelse. e) Fravær skal være fast agendapunkt i klasselærerråd.	Færre studenter stryker i realfag. Færre studenter avbryter utdanningen før tiden.	Hatt stor fokus på dette punktet. Det har likevel vært et større frafall dette skoleåret enn tidligere. Dette skyldes utelukkende de vanskelige tidene i oljebransjen og mange studenter har mistet jobb og har måtte slutte på skolen av økonomiske årsaker
Utvikle et positivt og godt læringsmiljø	a) Lage et dokument som beskriver <i>En god klassens time</i> . b) Lage et dokument som beskriver <i>Den gode undervisningsøkt</i> .	Bedre resultat på Studentundersøkelsen på dette punktet.	OK
Bedre samarbeidet med næringen	a) Gjennomføre jevnlig dialogmøter med næringen. b) Lage intensjonsavtaler/samarbeidsavtaler med næringen. c) Invitere bedrifter til å holde foredrag på skolen.	Intensjons/samarbeidsavtaler er formalisert. Bedrifter holder foredrag på skolen. Faglærere hospiterer i bedrifter.	Hatt jevnlig dialogmøter med næringen. Gjennomført 4 foredrag for studentene med eksterne foredragsholdere.

	d) Oppfordre og legge til rette for at faglærerne hospiterer i aktuelle bedrifter		GE, MH Wirth og Parker Hatt jevnlige praksisdager i bedrifter for studentene. Statoil Ågotnes (subsea), Statoil Sandsli (opplæringscenter) Praksis om bord på boreriggen Island Innovator
Etablere formelt samarbeid med andre petroleumstekniske fagskoler	Etablere SBB (Samarbeidsutvalg for boring og brønnopplæring) som et formelt samarbeidsorgan for alle petroleumstekniske fagskoler.	SBB er etablert som et formelt organ.	Gjennomført 3 møter i Samarbeidsutvalget for boring og brønn i skoleåret 2015/2016

Maritim fagskole			
Mål	Tiltak	Resultatmål/kjennetegn	Kommentar
Redusere antall studenter som ikke fullfører utdanningen	a) Innføre ekstra undervisning i realfag b) Klargjøre skolens forventninger til hvor mye tid studentene bør bruke på skolearbeid. c) Følge studentene tett opp ved stort fravær. d) Følge studentene tett opp ved fare for lav måloppnåelse. e) Fravær skal være fast agendapunkt i klasselærerråd.	Færre studenter stryker i realfag. Færre studenter avbryter utdanningen før tiden.	Ekstraundervisning i realfagene er gjennomført 15/16. Har og hatt fokus på studentenes egeninnsats. Dette på bakgrunn av både fjorårets og årets resultat som vi fortsatt mener er for lav. Fravær er tema i klasselærerrådene. Studenter er fulgt opp ved høyt fravær etter gjeldende prosedyrer.
Utvikle et positivt og godt læringsmiljø	a) Lage et dokument som beskriver <i>En god klassens time</i> . b) Lage et dokument som beskriver <i>Den gode undervisningsøkt</i> .	Bedre resultat på Studentundersøkelsen på dette punktet.	OK
Bedre samarbeidet med næringen	a) Gjennomføre jevnlige møter med næringen. b) Lage	Intensjons/samarbeidsavtaler er formalisert. Bedrifter holder foredrag på skolen. Faglærere	Har opprettet dialogmøter med Opplæringskontoret

	intensjonsavtaler/samarbeidsavtaler med næringen. c) Invitere bedrifter til å holde foredrag på skolen. d) Oppfordre og legge til rette for at faglærerne hospiterer i aktuelle bedrifter.	hospiterer i bedrifter.	Austevoll i sammenheng med at de har fått ansvar webkadet. Etablert tettere samarbeid med regionalt rederi; resultat 11 dekkskadetter. Skolen er også representert i arbeidsgruppe som jobber for et kompetansesenter innen havbruks - og maritim næring. Denne består av en klynge av relevant næringsliv. Har hatt flere eksterne foredragsholdere dette året.
Videreutvikle samarbeid med andre maritime fagskoler	a) Delta på årlig lærerkonferanse for alle de maritime fagskolene b) Følge opp nye felles rutiner for eksamensproduksjon c) Delta på felles eksamenssamlinger for lærere d) Delta på rektorsamlinger for de maritime fagskolene	Alle lærere deltar på lærerkonferansen. Alle lærer følger rutinene for eksamensproduksjon og deltar på eksamenssamlingene. Rektor deltar på rektorsamlingene.	Her har skolen vært godt representert og har produsert eksamensoppgaver i tråd med avtaler.

Hordaland helsefagskole

Svarprosent

Det var låg svarprosent ved Hordaland helsefagskole i høve til både studentevalueringa og lærarevalueringa (57 % på begge), og dette er ei utfordring i høve til å tolke resultatene. I tillegg er nokre av klassane ved fagskulen så små at skulen ikkje kan offentleggjera resultatene ved kvar utdanning, men må gje ei samla oversikt over heile skulen. Det at det er små klassar og at svarprosenten er låg kan gje skeive utslag i høve til resultatene. Til dømes kan det sjå ut som at det er stor misnøye med nokre tilhøve, men dersom ein ser på resultatene klassevis vil ein sjå at det kan vere nokre få svært misnøgdde studentar, medan fleire andre er godt nøgd. Årsaka til at svarprosenten var noko låg skuleåret 2015/16 var at skulen ikkje fekk organisert det godt nok i høve til når på året studentane skal svara for å få best mogleg informasjon, og når på året studentane er tilgjengeleg på skulen i undervisning. Skulen vil arbeide for å få ei betre organisering i høve til å få gjennomført evalueringane slik at svarprosenten vert auka.

Skulen vil også arbeida for å gjere studentane merksame på kor viktig det er å svara på studentevalueringa, og det same vil studentrepresentanten for helsefagskulen gjere. Studentevalueringane vert nøye gjennomgått og drøfta både i leiinga, med lærarane og ved skulebesøka, og skulen set i verk tiltak dersom studentane rapporterer om misnøye. Dette er viktig at studentane veit om slik at dei ser nytten i å svara på evalueringane.

Undervisninga

Samla sett er studentane ved Hordaland helsefagskole godt nøgd med undervisninga. Nokre studentar gjev låg skåre på spørsmål om organisering av undervisninga, fagleg nivå og arbeidsmetodar. Desse tilbakemeldingane heng gjerne saman med tilbod som har små grupper der det kan vere vanskeleg å organisera på grunn av storleiken på klassen. Ved nokre av utdanningane har studentane noko ulik bakgrunn, og det kan såleis vere ulike forventningar til kva utdanninga skal innehalde. Fagskulen følgjer nasjonale rammeplanar, og nivået på emneplanane er nøye vurdert i høve til fagskulenivået.

Responstid

I årsmeldinga kom det fram at det kunne vere noko ulike forventningar til responstid mellom lærarar og studentar i høve til å svara på førespurnadar, oppgåver og liknande. Skulen vil sjå på kva som bør vere forventa responstid i høve til ulike aktivitetar og formidle ein standard til studentane slik at dei er kjent med kva dei kan forvente.

Nett-undervisninga

Ved skulebesøket vart det drøfta kva utstyr som kan verte nytta til nett-undervisninga ved tilbodet Spesialreinhald og sterilforsyning. Denne utdanninga vert gjeve både som stadbasert tilbod og som nettbasert tilbod. Nettstudentane følgjer den same undervisninga som studentane ved det stadbaserte tilbodet, og dette set krav til kva teknologi ein nyttar for nettstudentane. I dag har studentane som følgjer undervisninga på nett høve til å stille spørsmål, og lærar og resten av klassen høyrer dette, men dersom ein student i klasserommet seier noko eller spør om noko høyrer ikkje nettstudentane dette. For at nettstudentane skal få same informasjon gjentar lærar spørsmålet før det vert svara. Dagens løysing er tilstrekkeleg for at undervisninga skal vere god, men skulen ønskjer å sjå på teknologiske løysingar som kan gje enda betre flyt i nett-undervisninga. Dette er også viktig dersom skulen vil utvida fleire tilbod med nettbasert undervisning. Tilboda ved helsefagskulen vert gjeve ved Bergen tekniske fagskole som studiestad, og skulen vil difor undersøka kva utstyr Bergen tekniske fagskole nyttar for å vurdere om det kan vere høveleg å låna utstyr. I tillegg vil skulen undersøkje med tilsette i fylkesadministrasjonen som har ansvar for pedagogiske IKT-verktøy for å få tips til kva løysingar skulen kan vurdere.

Oppsummering

Fagskulane syner til god oppfølging av tilbakemeldingane frå studentane, lærarane og sensorane og har gjort greie for måloppnåinga for skuleåret 2015/16.

1. redusere fråfallet mellom første og andre semester
 - a. Det er ulike årsaker til at studentar sluttar mellom fyrste og andre semester. Sluttårsaker kan til dømes vere faglege vanskar, manglande tilrettelegging frå arbeidsgjevar eller feilval. Målet om å redusera fråfallet mellom første og andre semester er samla sett nådd då det var 11 % fråfall skuleåret 2014/15 og 8,5 % fråfall skuleåret 2015/16. Likevel må fagskulane framleis arbeide med å forbetre gjennomføringa mellom første og andre semester. På bakgrunn av dette vert det tilrådd å vidareføre dette målet for skuleåret 2016/17
2. utvikle eit positivt og godt læringsmiljø, og oppnå ein gjennomsnittskåre som ikkje er lågare enn 4,5 med ein skala frå 1 til 6 i høve til studentane sin tilfredsheit med det totale læringsmiljøet.
 - a. Fagskulane har i ulik grad oppfylt dette målet, men alle fagskulane ser ut til å vere over kritisk verdi på 4. Hordaland helsefagskole har ein snittskåre på 4,9, og har såleis ein høgare gjennomsnittskåre enn målsettinga på 4,5. Bergen tekniske fagskole har ein snittskåre på 4,13 og ligg under målsettinga, men over kritisk verdi. Bergen maritime fagskole har ikkje ein samla skåre for alle utdanningane, men ut i frå oversikta ved den einskilde utdanninga ser det ut til at skulen ligg over kritisk verdi. Mål om eit godt læringsmiljø er ei viktig målsetting, og det vert tilrådd å vidareføre dette målet for skuleåret 2016/17.

Ved skulebesøka vart temaet kjennskap til emneplanane drøfta nøye, og Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole ønskjer å forbetre dette området. Hordaland helsefagskole har ein snittskåre på 5,1, og dette er ei forbetring frå året før. Likevel er det ønskjeleg at skulane har fokus på at studentane har god kjennskap til emneplanane av di det er viktig for eit godt læringsutbytte at studentane har ei forståing av kva dei skal lære. Det vert difor tilrådd at det er eit mål å oppnå ein gjennomsnittskåre som ikkje er lågare enn 4,5 på spørsmål om studentane sin kjennskap til emneplanen.

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil tilrå følgjande mål for skuleåret 2016/17:

Fagskolane i Hordaland skal arbeide aktivt og systematisk for å:

4. redusere fråfallet mellom første og andre semester
5. utvikle eit positivt og godt læringsmiljø, og oppnå ein gjennomsnittsskåre som ikkje er lågare enn 4,5 med ein skala frå 1 til 6 i høve til studentane sin tilfredsheit med det totale læringsmiljøet.
6. informera og arbeide med studentane om kva læringsutbytte dei skal oppnå i løpet av studia og oppnå ein gjennomsnittsskåre som ikkje er lågare enn 4,5 på spørsmål om studentane sin kjennskap til emneplanen.



Arkivnr: 2015/11453-56
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	48/16	18.11.2016

Oppretting av ny lokal klagenemnd for Fagskolane i Hordaland

Samandrag

Etter endringane i fagskulelova som trådde i kraft 1. juli 2016, vert det stilt nye krav til ei lokal klagenemnd for fagskulane. Klagenemnda skal ha fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Leiar og vara for leiar skal fylle dei lovbestemte krava for lagdommarar og kan ikkje vere tilsett ved ein av fagskulane. To av medlemmane skal vere studentar og skal veljast av studentane sjølve. Den lokale klagenemnda skal handsama klager frå studentar over enkeltvedtak som er gjort ved ein av fagskulane. Døme på klager kan vere tap av rettar, formelle feil ved eksamen, avslag på søknad om fritak eller innpassering, avslag på opptak til fagskulen m.m. I tillegg kan styret vedta at klagenemnda kan handsame saker og fatte enkeltvedtak i høve til føresegner om disiplinære sanksjonar.

Forslag til vedtak

- Fagskulestyret oppretter lokal klagenemnd for Fagskolane i Hordaland med følgjande medlemmer og varamedlemmer:
 - Sunniva Schultze-Florey (leiar)
 - Torill M. Flatebø
 - Mette Holmefjord Olsen
 - Jakob Vintertun (student)
 - Lars Snilstveit Gunnerud (student)

 - Åshild Fossgard Sandøy (vara for leiar, Schultze-Florey)
 - Aud M. Skriverhaug Hilland (vara for Flatebø)
 - Giulia Casella (vara for Holmefjord Olsen)
 - Vegard Øvestad (student, vara for Snilstveit Gunnerud)
 - Malene Kristin Gimmestad (student, vara for Vintertun)
- Styret vedtek instruks for lokal klagenemnd for Fagskolane i Hordaland slik det kjem fram av saka.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 24.10.2016

Etter endringane i fagskulelova som trådte i kraft 1. juli 2016 vert det stilt nye krav til ei lokal klagenemnd for fagskulane. Fagskulelova § 13 set følgjande krav til samansetning og oppgåver for den lokale klagenemnda:

«§ 13.Klageordning og klageorganer

Fagskoler skal opprette en lokal klagenemnd som skal behandle klager over enkeltvedtak. Styret kan bestemme at klagenemnda også skal behandle andre klagesaker for studentene og saker etter §§ 7, 9, 10, 11 og 12. Saker etter disse paragrafene kan ikke behandles av andre organer ved fagskolen.

Den lokale klagenemnda skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Lederen og varamedlemmet for lederen skal fylle de lovbestemte kravene for lagdommere. Lederen og varamedlemmet for lederen skal ikke være ansatt ved fagskolen. To av medlemmene skal være studenter.

Klagenemnda er vedtaksfør når lederen eller varamedlemmet for lederen og to andre medlemmer er til stede.

Den lokale klagenemndas vedtak i saker om fagskolens enkeltvedtak kan ikke påklages.

Departementet gir forskrift om et nasjonalt klageorgan for fagskoleutdanning som skal behandle klager på enkeltvedtak for bestemte områder.

Departementet kan gi forskrift om saksbehandlingen i klagesaker.»

På bakgrunn av dette skal den lokale klagenemnda handsama klager frå studentar over enkeltvedtak som er gjort ved ein av fagskulane. Døme på klager kan vere tap av rettar, formelle feil ved eksamen (§ 7), avslag på søknad om fritak eller innpassering, avslag på opptak til fagskulen m.m. I tillegg kan styret vedta at klagenemnda kan handsame saker og fatte enkeltvedtak i høve til §§ 9 10, 11 og 12. Desse paragrafane omhandlar følgjande:

- § 9. Annullering av eksamen mm.
- § 10. Uttestenging og bortvisning
- § 11. Vurdering av skikkethet
- § 12. Krav til politiattest

Vidare vert det stilt krav til samansetninga av den lokale klagenemnda. Klagenemnda skal ha fem medlemmer med personleg varamedlemmer. Leiar og vara for leiar skal fylle dei lovbestemte krava for lagdommarar og kan ikkje vere tilsett ved ein av fagskulane. To av medlemmene skal vere studentar og skal veljast av studentane sjølve.

For å fylle krava til kompetanse for leiar og vara for leiar vert det føreslått to tilsette frå fylkesadministrasjonen som har juridisk embetseksamen, og som er over 25 år. Vidare vert det føreslått to medlemmer med personlege varamedlemmer som er blant dei tilsette frå fagskulane. Studentane vel sjølv to representantar og to varamedlemmer til klagenemnda.

Følgjande samansetning vert føreslått av den lokale klagenemnda:

- Sunniva Schultze-Florey (leiar)
- Torill M. Flatebø
- Mette Holmefjord Olsen
- Jakob Vintertun (student)
- Lars Snilstveit Gunnerud (student)

- Åshild Fossgard Sandøy (vara for leiar, Schultze-Florey)

- Aud M. Skrivarhaug Hilland (vara for Flatebø)
- Giulia Casella (vara for Holmefjord Olsen)
- Vegard Øvestad (student, vara for Snilstveit Gunnerud)
- Malene Kristin Gimmestad (student, vara for Vintertun)

Vidare vert det føreslått at den lokale klagenemnda vert delegert ansvar for å gjere vedtak i saker etter §§ 9, 10, 11 og 12. På bakgrunn av dette vert følgjande instruks føreslått for den lokale klagenemnda for Fagskolane i Hordaland:

Instruks for lokal klagenemnd for Fagskolane i Hordaland

Styret for Fagskolane i Hordaland opprettar lokal klagenemnd med 5 medlemmer med personleg vara. Leiar og vara for leiar skal fylle dei lovbestemte krava for lagdommarar. To av medlemmene skal vere studentar. Den lokale klagenemnda innrettar seg etter fagskulelova og føresegner i forvaltningslova om habilitet i §§ 6 til 10, og om teieplikt i §§ 13 til 13 e, samt studentreglementet for Fagskolane i Hordaland.

Den lokale klagenemnda for Fagskolane i Hordaland skal handsama klager som er fremma etter enkeltvedtak gjort ved ein av fagskulane som underinstans (til dømes klager på opptak, avslag på søknad om fritak og innpassering, formelle feil ved eksamen mm.). Forvaltningslova kapittel III til VI og VIII gjeld for avgjerder om opptak, avsluttande vurdering, annullering av eksamen, bortvising, utestenging, skikkavurdering, innpassering og fritak. Vedtak som er fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak er endeleg og kan ikkje påklagast.

Den lokale klagenemnda kan også fatte enkeltvedtak på vegner av styret etter §§ 9, 10, 11 og 12 i fagskulelova. Enkeltvedtak etter desse paragrafane vert gjort etter at sak er fremma av ein av fagskulane. Den lokale klagenemnda er underinstans, og den nasjonale klagenemnda for fagskuleutdanning er klageorgan for klager etter desse paragrafane.

I saker der ein av fagskulane er underinstans skal fagskulen sørge for at klaga er ordentleg belyst. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga utfører sekretariatsfunksjonen for den lokale klagenemnda i alle saker.

PS 49/16 Ymse